


NORDISKE STUDIER I LEKSIKOGRAFI

Titel: Presentasjon av prosjektet "Ordbok over trøndermåla"
Forfatter: Tor Erik Jenstad
Kilde: Nordiske Studier i Leksikografi 1, 1992, s. 339-346
Rapport fra Konferanse om leksikografi i Norden, 28.-31. mai 1991
URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/nsil/issue/archive>



© Nordisk forening for leksikografi

Betingelser for bruk af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre Nordiske studier i leksikografi (1-5) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Tor Erik Jenstad

Presentasjon av prosjektet "Ordbok over trøndermåla"

Artikkelen gjer greie for bakgrunn, status og framidsplanar for "Ordbok over trøndermåla". Dette første større regionale ordboksprosjektet i Noreg skal dekkje dialektane i Trøndelag og på Nordmøre. Eit hovudpunkt er å dele prosjektet i to, med ei folkeutgåve av ordboka på kort sikt og ei meir utførleg vitenskapleg behandling på lengre sikt.

Bakgrunn og status

"Ordbok over trøndermåla" (OTM) er tenkt å bli ei regional ordbok over dialektane i Trøndelag og på Nordmøre. Det er eit prosjekt som etter ein bra start diverre har vore hardt utsett for underernæring, og som av den grunn har vorte nokså hemma i utviklinga. Men det står truleg ikkje verre til enn at ein snuoperasjon vil kunne få pasienten på føtene att. Denne snuoperasjonen lyt først og fremst vera av økonomisk slag, og det eg vil seie med dette, er sjølvstakt at finansieringssituasjonen for prosjektet i lengre tid no har vore temmeleg håplaus. Men manglande midlar er jo ikkje noko ukjent fenomen for leksikografar.

Prosjektet vart starta i 1981 under leing av Reidar Djupedal og Arnold Dalen. Frå og med våren 1987 vart det etablert eit samarbeid med det som den gong var Norsk leksikografisk institutt, Universitetet i Oslo, slik at ei av dei stillingane ein der fekk ekstra løyvingar til frå og med dette året, skulle brukast til å leggje til rette for *Norsk Ordbok* (NO) tilfang innsamla på OTM-prosjektet. For meir utførleg framstilling av OTM-prosjektet sjå elles Jenstad 1984 og 1989. Arbeidsstaden og samlingane til OTM ligg ved Nordisk Institutt, Universitetet i Trondheim.

Innsatsen i prosjektet har vore konsentrert om innsamling og ekserpering. Den redigeringa som har vore gjort, må sjåast som reint førebuande, og det har til no ikke vorte publisert noko. Vi har samla tilfang ved å sende ut spørjelister til informantar rundt ikring i kommunane (på det meste om lag 200 personar), og dette kontaktnettet er enno nokolunde intakt. Arkivet som er bygd opp, er nokså omfattande, og vi meiner det er forsvarleg å ta til med redigering/utgjeving no, særleg dersom vi kan halde kontakten med heimelsmannsnettet parallelt med at redigeringa skrid fram, slik at vi kan konsultere dei der vi oppdagar hol i tilfanget.

Dialekteleksikografien er ei grein av allmenn leksikografi, og i prinsippet same sak. I praksis er det like vel visse spørsmål som teiknar seg klårare når ein arbeider med dialektalt ordforråd. Eit regionalt prosjekt som dette, der ein skal dekkje eit spekter av ganske varierende mål, byr i tillegg på sine heilt særigne problem. Ein del slike har reist seg for oss som har arbeidd med OTM med tanke på publisering, og det er det resten av artikkelen skal handle om.

Ei folkeleg dialektordbok

Ein tanke som har vorte meir og meir sentral for oss etter kvart, er å dele prosjektet i to, ein folkeleg og ein vitenskapleg del. Ei folkeleg utgåve av ordboka kunne utarbeidast etter måten snøgt, medan arbeidet med ein vitenskapleg versjon ville måtte ha eit meir langsiktig perspektiv. Vi trur vi tør påstå at OTM har hatt god folkeleg kontakt. Innsamlingsarbeidet har gjeve oss vitjing av folk som elles neppe ville ha sett sine bein innafør eit universitet. Ein slik kontakt er til vinning for begge partar. Ansvaret i høve til heimelsfolka synest eg er eit sterkt argument for å skunde på ei utgjeving. Mange av dei er eldre menneske, og dei burde få sjå resultatet av innsamlingsarbeidet sitt i ein større samanheng før det er for seint. Ikkje få av dei som var med frå starten, er borte no. I tillegg har vi hatt ganske god eksponering av prosjektet i media. Samla sett gjer dette at vi føler eit forventningspress om å få ut noko. Tilfanget har svolle opp og vorte så stort at ei fullstendig vitenskapleg behandling av det vil ta svært lang tid, i alle høve med dei utsiktene det er for ressurstilførsel no. Ei slik utgåve kan ein rekne med vil ha interesse først og fremst for forskarar, og dei vil kunne få tilgang til materialet kor som er. Men ein folkeleg versjon meiner eg at vi skulle makte å få ferdig innan ei rimelig tidsramme, t.d. eit par år.

Kven tek vi sikte på å nå ved ei folkeleg trønderordbok? Når ein ordboksmakar skal mottakarorientere seg, famlar han lett i blinde, sidan vi eigenleg veit svært lite om korleis ordbøker faktisk blir brukte. Det gjeld ikkje minst dialektordbøker, og særleg behova til vanlege brukarar. Tanken vår er å vende oss til den interesserte amatøreren i von om at den typiske informanten vår også skal bli brukar. Ordboka må altså utformast slik at ho blir allment forståeleg, og leseleg for folk flest. Samstundes må det som står der, vera forsvarleg og rett; ei popularisering fører ikkje til at ein kan unndra seg vitenskapleg kritikk. Ein må også rekne med at forskarar vil bruke ei folkeutgåve, mottakargruppa vil truleg i det heile bli nokså heterogen. Men krav til fullstendig og uttømmmande framstilling, utførlig dokumentasjon osv. lyt det nok slakkast på.

Korleis skal vi så greie å gjera ordboka folkeleg? Heilt allment kan ein vel slå fast at ho ikkje må bli for stor og uhandterleg. Det gjer at ein lyt skjera ned der ein kan, og at det vanlege plassproblemet i leksikografien her blir enda meir presserande. Ved større ordbokstiltak gjennomfører ein gjerne ein slankeprosess for å komprimere til hand- og lommeutgåver. Men da går ein jo ut frå den fullstendige versjonen og skjer i den, medan vi altså tenkjer oss å gå den omvendte vegen og laga den forkorta versjonen først. Arbeids- og tenkjemåten kan såleis ikke bli heilt parallell. Eit overordna prinsipp lyt likevel bli å uttrykkje seg kort.

Formelle sider

Forma på *oppslagsordet* er eit tradisjonelt problemområde i dialektleksikografien. Ein kan i prinsippet tenkje seg tre moglege løysingar:

- 1 å setje dialektforma som oppslagsform
- 2 å setje ei riksspråksform som oppslagsform
- 3 å setje ei eldre (heimla eller rekonstruert) form som oppslagsform

Den siste ser eg ikkje som aktuell i det heile i ei ordbok som vil vera folkeleg. Det ville bli altfor vanskeleg å finne fram for den som ikkje har spesialkunnskapar i språkhistorie.

Løysing 1 er fullt ut tenkjeleg i ordbøker over einskildmålføre. Denne kan kombinerast med ei normalisert form i parentes, slik det er gjort i Killingbergtrø 1983. Dermed får ein også i konsentrert form sagt ein god del om opphavet til ordet. For den som ikkje snakkar dialekten sjølv eller har god kjennskap til den, kan ein ha eit eige register med normalformer med tilvising til sjølve den leksikalske delen. Men for oss som skal dekkje eit dialektområde med såpass stor indre variasjon, blir prinsipp 1 vanskeleg. Det blir det også dersom ein skal velje *den mest utbreidde dialektforma* som oppslagsform, ein utveg som har vore nytta i fleire lågtyske ordbøker (Niebaum 1986:131).

Dermed står vi att med løysing 2, og det blir nok ei riksspråkleg oppslagsform vi kjem til å lande på. Den norske rettskrivinga er da også såpass romsleg at det i mange høve let seg gjera å velje former som ligg nokså nær uttalen og har greie korrespondansar til den. Vi vil streva etter å bruke oppslagsformer som høver med systemet i trøndermåla, t.d. å gjennomføre kløyvd infinitiv.

Noko av den største variasjonen i trøndermåla finn vi i jamninga, med ytre former som *vækka*, *færra* mot indre, austlege som *vukku/vokko* og *fårrå*. Her ser eg ikkje anna råd enn å føre alle variantane under same normaliserte oppslagsform (altså *vækka* og *vokko* under *veke*). Dette vil ein måtte kombinere med ein omfattande bruk av tilvisingar frå dialektform til oppslagsform, sidan ein ikkje utan vidare kan rekne med at brukaren skjønner samanhengen mellom dei to. Slike tilvisingar lyt elles bli eit gjennomgåande drag som ikkje rører berre ord med jamning, og det kan derfor komma i konflikt med kravet til konsentrasjon.

Normeringa av oppslagsformer byr på ein del uløyste problem, og fleire vil sikkert melde seg etter som arbeidet går fram. Eitt som vi ser tydeleg alt no, er komposisjonsfuga i samansette ord. Her er det variasjon mellom *-a-* og *0* (*bruramarsj - brurmarsj*) eller mellom *-e-* og *0* (*enkjemann - enkmann*). Det er berre å vedgå at vi enno ikkje har funne fram til ei elegant, plassparande og samstundes lettskjøneleg løysing her.

Når det gjeld *ordninga* av oppslagsord, ser eg ikkje den systematisk-onomasiologiske som noko reelt alternativ til den alfabetisk-semasiologiske i vår samheng. I dei fleste tilfelle vil den siste vera den mest brukarvennelege. Ein kan tenkje seg avvik frå den strengt alfabetiske ordninga stundom, ved at ein fører i lag samansetjingar med felles førstelekk (denne kan vera eit ord eller eit ord i ei viss tyding), såkalla nøsting. Like vel er det eit spørsmål om ikkje det aller mest brukarvennelege er å føre avleiingar og samansetjingar som eigne oppslag, ut frå det synet at brukaren søkjer nett det ordet som har valda samanbrot i kommunikasjonen (Cowie 1990:692).

Tilvisingar frå dialektform til oppslagsform er alt nemnt. Krysstilvisingar mellom synonym/heteronym og/eller mellom ord i same semantiske felt har vi arbeidd lite med, men eit materiale innsamla gjennom spørjelister kunne for så vidt innby til dette.

Opplysningar om uttalen vil måtte bli heller grove. Vi er redde for at for mange fonetiske spesialteikn kan verke avskrekkande på dei brukarane vi først og fremst er ute etter (jf. Hildebrandt 1986:30). Vi satsar på å greie oss så langt som råd med det vanlege alfabetet, men vi må truleg ha eigne teikn i alle fall for tjukk l og palatale konsonantar. Den ekstra vokalen, mellomvokalen mellom *æ* og *ø* som finst i mange mål i dette området, har vi førebels markert med svensk *ö*. Truleg kan ein del plass til uttaleopplysningar sparast i einskildartiklane ved å ha eit oversynskapittel som syner den viktigaste systematiske variasjonen, t.d. kvar ein har monoftongering, kvar ein har tjukk l eller r av *rd* og palatal eller dental i trykklett staving. Reglane for uttalemarkering vil sjølv sagt måtte vera dei same i hakeparentesen (dersom ein skal ha noko slikt!) som i bruksdøma.

Grammatiske opplysningar er noko som lir under innsamling etter spørjelistemetoden, og det skapar problem for ordbøker med slikt datagrunnlag. Vi har gong på gong presisert for heimelsfolka våre at dei bør opplyse om kjønn og bøying på orda. Sjølv om somme er flinke til dette, blir det diverre jamt over nokså tynt. Medvitet om slike tilhøve er mindre enn om det reint leksikalske, og innverknad frå skriftspråk gjer også at uvissa blir stor (Witkowski 1988:61). I tilfanget vårt ser vi ofte døme på at informantane forsyner dialektord med riksspråklege endingar, som t d *-er* i fleirtal av hankjønnsord, eller at dei skriv bindevokal *-e-* i komposita som etter dialekten ikkje skal ha det. I ei folkeutgåve lyt ein vel avgrense den grammatiske informasjonen nokså mykje, og i alle høve nytte så lite som råd av grammatisk fagterminologi. Ein må i det heile vera varsam med å utvikle eit altfor avansert apparat av forkortingar, stikkord o.l. Men allmenne teikn for ordklassar, genus, verbtider osb. kjem ein ikkje utanom.

Så langt i prøveredigeringa vår har vi nytta den vanlege rekkjefølgja med formdelen før den semantiske delen. Men det spørst om vi ikkje bør tenkje på å gjera det motsett. I *Thüringerordboka* har dei gjort det, og her er også formopplysningane i mindre trykk (Spangenberg 1988:43). Også Hermann Niebaum (1986:133) går inn for ei slik rekkjefølgje.

Utvalet av oppslagsord

Ei dialektordbok utarbeidd etter vitenskaplege prinsipp bør sjølv sagt ta med *alt* ordtilfanget som er belagt i dialekten. Det går da også fram av dei opphavlege planane for OTM at det er dette ein har tenkt seg, nemleg å gje eit oversyn over den samla ordmassen i trøndermåla. Dette kravet til å vera fullstendig lyt praktiserast innafor rimelege grenser, slik at ein t.d. kan utelata sjølv sagde og meir tilfeldige samansetjingar. Ei avgrensing kan ein også oppnå ved å stille krav om at orda skal vera "assimilerte" i dialekten. Dermed kan ein halde ute t.d. heilt nye teknisk-faglege ord.

I ei folkeutgåve må det nok veljast strengare. Her må ein leggje hovudvekta på det som er annleis, som vik av frå det riksspråklege. Ein går altså i retning av det kontrastive prinsippet, idiotikon-prinsippet om ein vil. Eit ord i vanleg riksspråkleg tyding vil hos oss i høgda bli referert stutt. Dersom det ikkje finst i andre, meir spesielle tydingar, kan det komma på tale å stengje det heilt ute. Om t.d. *hest* hadde hatt berre den vanlege dyretydinga i trøndermåla, ville vi kanskje ikkje gje det ei ordbokinnførslе i folkeutgåva i det heile (men naturlegvis i den vitenskaplege versjonen!), men sidan det også mellom anna har den meir spesielle tydinga 'stol på fele', vil ein måtte føre inn begge. Eit argument for å føre inn *hest* i vanleg tyding også om det hadde hatt berre den, er at det går inn med denne tydinga i samansetjingar som heilt klårt lyt vera med, som *hestgreie* 'hestesele', *skjuthest* 'hingst, grahest' o fl. Eit anna er at det kan gå inn med si vanlege tyding i ordtak og talemåtar som er særmerkte for dialektområdet.

For heilt allmennspråklege ord kan ein tenkje seg følgjande framgangsmåte: Den allmenne tydinga og bruken blir heilt stutt referert, medan ein framstiller særmerkt bruk meir utførleg, slik ein kan finne han i spesiell fraseologi, faste vendingar og ordtak. Ein utveg kan vera rett og slett å setje "som i riksspr" e l, og dermed føresetje skriftspråkskompetanse hos brukarane, eller vise til dei aktuelle tydingane i eit standard oppslagsverk ein kan gå ut frå at brukarane har, som t.d. *Nynorskordboka*. Det kan likevel reisast sterke innvendingar mot å føre inn tydingsopplysningar av typen "som riksspråk"; kanskje er det beint fram uforsvarleg (Lindgård Hjorth 1989:49). Etter Vidar Reinhammar (1971:41) er det utanom "sakliga

konkreter" unntaket meir enn regelen at ein har fullstendig synonymi mellom eit dialektord og eit riksspråkkord.

Handteringa av ord som viser få dialektale leksikalske særdrag, er kanskje det området der det først og fremst krevst nytenking i dialektordbøkene (Bergmann 1988:49).

Også i ei dialektordbok som legg vinn på å vera vitskapleg og fullstendig, vil det vera slik at ein legg størst vekt på det særmerkte og såleis i viss monn nærmar seg ei kontrastiv framstilling. Som Günter Bergmann (1988:49) seier, er det jo ord og tydingar som er framande for riksspråket som er dialektleksikografiens eigentlege metier.

Jamvel om ein berre skal ta med det som er særmerkt for dialekten, vil ein fort få eit omfangsproblem, i alle høve i ei folkeutgåve. Ei mogleg løysing kan vera å setje eit minimumstal på herad eit ord må vera heimla i for at det skal først opp i ordboka.

Reint *individuelle* ord er eit område der det også kan vera mogleg å avgrense. I innleiinga til *Jysk Ordbok* (Indledning XXI - XXII) er dette drøfta. Ein konkluderer her med at ein i dialektordbøker bør vera meir imøtekommande for individuelt ordforråd. Det *kan* vera restar av utdøyande ord ein har å gjera med, eller ein kan ha registrert eit ord i fødselen som kan komma til å bli meir allment akseptert etter kvart. Same kor grundig ein kjenner eit målføre, kan det stadig dukke opp ord ein ikkje var klar over fanst der. For eldre periodar registrerer ein hapax legomenon (ord som kan påvisast berre ein stad) utan å nøle.

I ei folkeutgåve kan ein nok tillata seg å vera noko meir restriktiv overfor heilt individuelle ord. Det er heilt klårt opplysningar i tilfanget vårt som verkar nokså individuelle, tilfeldige. Det kan vera ord som avvik frå det geografiske utbreiingsmønsteret ein elles kjenner, eller som er formelt umogleg i dialekten. Stundom har vi ved nærmare undersøking kunna avdekkje slike mistenkelege tilfelle som lån som heimelspersonen kan ha snappa opp av folk frå andre stader, under arbeidsopphald borte frå heimbygda osv. Innsamlings-situasjonen med spørjelister *kan* også innby til konstruerte løysingar, dersom informanten (meir el mindre umedvite) oppfattar skjemaet som ein slags eksamen der det gjeld å ha svar på så mange spørsmål som råd.

Eit problem som også gjeld utvalet av ord, er det ein kan kalle *forfattarord med tydeleg dialektpreg*. Mange forfattarar utnyttar dialektgrunnlaget sitt og er klårt merkte av det, også utanom replikkane. Typiske eksponentar for dette innafør trøndersk er Olav Duun og Inge Krokann. Ein må ha klårt for seg at slike forfattarar nyttar dialekten som eit kunstnarleg verkemiddel, og at dei ikkje har som sitt primære føremål å dokumentere dialekten. Men dette tilfanget bør så absolutt utnyttast. Dialektreplikkane kan gje gode døme på bruken av orda. Det er opplagt at ein forfattar som Duun i stor grad reproduserte talemåtar og heile setningar han hadde høyr i heimemiljøet, han hadde fullt av slike notatar. Det ville vera uheldig å avskjera seg frå slike kjelder.

Men kva gjer ein med ord som ikkje er riksspråklege, som berre finst hos forfattaren, og som ikkje er belagt i munnleg dialekttilfang? Eit konkret døme på dette er ordet *andløge* hos Inge Krokann: "Med eitt frys alt andløgje ut av honom" (*Gjenom Fonna II*: 111-112). Vi kan forsøksvis setje tydinga til 'det å vera låttsprengd, låttmild', som på vårt område er belagt særleg frå dei indre bygdene i Sør-Trøndelag (Oppdal, Rennebu, Meldal, Budal, Singsås, Haltdalen, Ålen, Røros). Det finst dessutan i Sunndalen på Nordmøre, og Ross har det frå Fosen. Også sønnafjells er det kjent fleire stader frå, både på Aust- og Vestlandet. Men substantivet *andløge* finst altså berre hos Krokann.

Av ein eller annan grunn er det ikkje teke med i *Norsk Ordbok*, enda det er der det har vorte ekserpert. Det kan neppe vera fordi det er hapax legomenon, for det manglar elles ikkje på dette i *Norsk Ordbok*. Oppdalsmålet er eit av dei bygdemåla som er aller best kartlagt

leksikografisk, først og fremst gjennom Rise 1933 og Donali 1988. Men noko *andløge*, n finst det ingen opplysningar om.

Har så Krokann laga dette ordet sjølv, eller har han høyrte det i gammalt oppdalsmål, som han kjende til botnar? Som nemnt er det farleg, sjølv med svært grundig kjennskap, å seie bestemt at eit ord ikkje finst eller ville vera mogleg å bruke i målet. For min eigen del kjem eg stadig på sporet av ord eg ikkje har visst fanst på dei stadene eg har mitt hjertespråk frå, Sunndal og Øksedal. Forfattere kan ha hatt interesse av å blåse liv i eit ord han har likt, men som eigenleg ikkje høyrer heime i dialekten (jf. Baur 1986:81). Men det aktuelle ordet her har sterk tilknytning til det velkjende *andløg*, og eg er derfor stemt for å ta det med. I ein vitskapleg versjon bør det i alle høve vera med!

Sider ved tydingsdelen

Også i denne delen må slankeprinsippet gjera seg sterkt gjeldande i ei folkeutgåve. Ein kan t.d. ikkje leggje opp til ei like detaljert inndeling i tydingar og ei like grundig heimling av tydingane som ein ville gjera i ei strengt vitskapleg utgåve. Ein kan heller ikkje ta sikte på ei fullstendig oppføring av kollokasjonar, syntaktiske samband osv. Også her må ein leggje størst vekt på det særmerkte, ikkje-rikskspråklege.

Redaksjonelle karakteristikkar, kjeldetilvisingar osv. lyt ein akte seg for å gje eit for sterkt kode-preg. Det spørst om dei litteraturforkortingane vi til no har nytta, faktisk er for vidløftige. Opplysningar om geografisk utbreiing trur eg derimot ein skal vera varsam med å skjera for mykje ned på eller markere for grovt. Slikt er gjerne noko av det folk spør etter.

Skiljet mellom sak og språk er eit grunnproblem i leksikologi og leksikografi, sidan den leksikalske funksjonen står svært nær røynda leksema representerer (Coseriu 1970:9). Det synest vera allmenn semje om at det bør vera plass for noko meir saksinformasjon (encyklopedisk) i dialektordbøker, mellom anna fordi dei representerer ein kultur som vil bli meir og meir fjern for ettertida. Dette problemet er nok ikkje fullt så påtrengande i Noreg som i mange andre land, men også her, som dialektane held bra på det formelle/strukturelle grunnlaget, forandrar ordtilfanget seg temmeleg fort. Gruppespråklege ordbøker vil elles i det heile vera meir saksnære enn allmennspråklege, med glidande overgangar til leksika (Reichmann 1969:95). Vi vil definitivt prøve å te oss slik at det vi gjer, kan kallast *språkbeskriving*, men gje rom for opplysningar om folketru, eldre arbeidstilhøve osv. Ei dialektordbok er ikkje berre for dei reint språkinteresserte, men også materialgrunnlag for t.d. etnologar, folkeminnegranskarar og historikarar.

Ved utforminga av definisjonane vil vi prøve å halde oss innfor eit vanleg kvardagsspråk så langt råd. Vi vil heller ikkje gå av vegen for innslag av ein noko meir pratande, pludrande stil enn den tradisjonelt strenge ordboksprosaen, så lenge det ikkje tek overdriven plass. Ei anna side ved sjølvdefineringa i dialektordbøker er at ein her, i alle høve dersom ein følgjer eit kontrastivt utvalsprinsipp, i stor mon kan bruke synonymdefinisjonar og dermed spare plass.

Tilhøvet mellom tydingar og bruksdøme fortener nærare vurdering. Bergmann (1988:53) går på eit vitskapleg grunnlag inn for å leggje større vekt på bruk enn tyding i dialektordbøker, og ta med rikeleg med gode dialektdøme også på kjente tydingar. Ein tek da eit steg i pragmatisk/diskursiv lei, kjem nærare brukssituasjonen, og møter dermed den innvinginga som ofte har vore retta mot ordforskinga, at ho ikkje tek nok omsyn til moderne kommunikative/pragmatiske tilnæringsmåtar. Også vi er opne for ei slik omvurdering i vår

folkeutgåve, men da ut frå at gode bruksdøme vil vera artig og interessant lesnad for den brukargruppa vi er ute etter.

Utan at vi har fått arbeidd særleg mykje med det til no, er det klårt at gode illustrasjonar vil friske opp i ei folkeleg dialektordbok. Ein kan tenkje seg både utbreiingskart og teikningar av sentrale reiskapar som t d *sleden* og *hesteselen*. Desse tek rett nok i seg sjølv stort rom, men kan på den andre sida gje høve til å spare noko på ordbruken i definisjonane.

Den historiske dimensjonen

Kjeldetilfanget blir tunnare di lenger attover ein kjem i tid, men noko finst. Alt hos Aasen og Ross er opplysningane no hundre år gamle og meir, og det kan vera interessant å sjå kva som er gått ut og kva som er ført vidare til våre dagar av ordtilfanget dei registrerte. For trøndermåla sin del finst det også ein god del eldre tekster, for perioden 1706-1856 samla i Dalen/Hagland 1985. Det er teke vare på nokre få ordsamlingar frå 1700-talet. I avisa *Næmingen* finst barnetekster på dialekt frå rundt siste hundreårsskifte.

Andre moglege kjelder til ordtilfanget i eldre tider er gamle skifte, inventarielister m m. Utnyttinga av dette blir likevel meir tilfeldig, alt etter hva som kan vera prenta i lokalhistorisk litteratur, kva vi har fått av lokalhistorikarar vi har vore i kontakt med osb. Tid og ressursar tillet inga fullstendig ekserpering her, og det same gjeld aviser.

Vi vil likevel utnytte det historiske materialet så godt vi kan, og ser det som viktig, i alle høve i den vitskaplege delen av prosjektet.

Også i folkeutgåva meiner eg det bør gjevast rom for etymologiske opplysningar. Folk spør ofte etter kva ord kjem av, og dei bør finne svar på det, også på ord der ein kan finne etymologien i etymologiske ordbøker eller andre oppslagsverk. Ein kan ikkje utan vidare rekne med at brukarane har tilgang til slikt. Sjølve lemmatiseringa kan vera resultat av etymologisk granskning, og oppslagsforma kan seie ein god del om opphavet til ordet.

Publisering av delar av tilfanget

Når innsamlinga er gjort ved spørjelister om avgrensa emne, kan det liggje an til å publisere ordtilfang frå bestemte saksfelt. Dette har til no gjeve seg utslag i ei trøndersk skjellsordbok (Jenstad 1991), basert først og fremst på ei spørjeliste om karakteristikk av personar. Vi ser ikkje bort frå at denne boka vil fenge og bli ein appetittvekkjar, ein forsmak på kva ein kan vente seg når heile tilfanget ein gong kjem ut.

Folkeutgåve - eller ikkje?

Som det har gått fram, er vår folkeutgåve enno mykjegodt på tenkje- og prøvestadiet. Men om vi får bestemt ein høveleg framgangsmåte, ein framstillingsmal, skulle arbeidet kunne gjerast på rimeleg tid. Det er like vel gode argument *mot* ei slik oppdeling: Bør ein ikkje rekne med at ei trøndersk dialektordbok er noko som i alle høve kjem til å bli laga berre ein gong? Bør ein ikkje greie å kombinere det vitskapleg forsvarlege med det allment forståelege? Vil ikkje ordboka i alle høve først og fremst bli eitt reiskap for forskarar (jf Grosse 1988:28)? Vi er også kjende med at ein i *Jysk Ordbok* har gjeve opp tanken om ei folkeutgåve. Hovudgrunnen til at vi tenkjer oss ei deling, er *tidsaspekter*: Ei fullstendig vitskapleg

utarbeiding vil trekkje ut i tid, og vi følger forplikting og forventningspress om å få gjeve ut eit resultat relativt raskt.

Litteratur

- Baur, Gerhard W. 1986. Quellen und Corpora. Zur Materialbasis deutschsprachlicher Dialektwörterbücher. I: Hans Friebertshäuser, utg. *Lexikographie der Dialekte. Beiträge zu Geschichte, Theorie und Praxis*: 75-91. Tübingen.
- Bergmann, Günter. 1988. Zur Darstellung der Semantik im OSWb. I: *Dialekt-Lexikographie. Berichte und Analysen zur Arbeit an Dialektwörterbüchern*: 47-57. Jena.
- Coseriu, Eugenio. 1970. *Einführung in die strukturelle Betrachtung des Wortschatzes*. Tübingen.
- Cowie, A.P. 1990. Language as Words. Lexicography. I: N.E. Collinge, red. *An encyclopedia of Language*: 671-700. London/New York.
- Dalen, Arnold og Hagland, Jan Ragnar. 1985. "I det meest upolerede Bondesprog". *Tekster på trøndermål 1706-1856*. Oslo - Bergen - Stavanger - Tromsø.
- Donali, Ingeborg. 1988. *Oppdaling. Ord og uttrykk (Oppdalsboka III)*. Trondheim.
- Grosse, Rudolf. 1988. Einige Überlegungen zu den Grundlagen der Dialektlexikographie. I: *Dialekt-Lexikographie. Berichte und Analysen zur Arbeit an Dialektwörterbüchern*: 27-34. Jena.
- Hildebrandt, Reiner. 1986. Dialektologie und Dialektlexikographie. Zum Stellenwert einer Subdisziplin. I: Hans Friebertshäuser, utg. *Lexikographie der Dialekte. Beiträge zu Geschichte, Theorie und Praxis*: 21-33. Tübingen.
- Jenstad, Tor Erik. 1984. Arbeidet med trønderordboka. I: *Motskrift* 2: 25-43. Trondheim.
- Jenstad, Tor Erik. 1989. Noko om arbeidet med Trønderordboka. I: Olaf Almenningen & Oddrun Grønvik, red. *Ord og mål. Festskrift til Magne Rommetveit 4. oktober 1988*: 120-127. Oslo.
- Jenstad, Tor Erik. 1991. *Skjellsordboka*. Trondheim.
- Jysk Ordbog*. Bind I. Hæfte I. Aarhus 1970.
- Killingbergtrø, Laurits. 1983. Ord og uttrykk frå dialekten. I: Asbjørn Steen, red. *Leksvik Bygdabok. Kulturbind II*: 67-143. Leksvik.
- Lindegård Hjorth, Poul. 1989. Leksikografi. I: Bente Holmberg, Britta Olrik Fredriksen & Hanne Ruus, red. *Forskningsprofiler*: 27-63. København.
- Niebaum, Hermann. 1986. Lemma und Interpretament. Zur Problematik der Artikelgestaltung in Dialektwörterbüchern. I: Hans Friebertshäuser, utg. *Lexikographie der Dialekte. Beiträge zu Geschichte, Theorie und Praxis*: 125-143. Tübingen.
- Reichmann, Oskar. 1969. *Deutsche Wortforschung*. Stuttgart.
- Reinhammar, Vidar. 1971. Gustav Adolfs Akademiens dialektordbok. I: *Saga och sed*: 29-53. Uppsala.
- Rise, Ola J. 1933. *Opdalsmål. Serord og talevendingar*. Svorkmo.
- Spangenberg, Karl: Stichwortansatz und Artikelaufbau im Dialektwörterbuch. I: *Dialekt-Lexikographie. Berichte und Analysen zur Arbeit an Dialektwörterbüchern*: 35-46. Jena.
- Witkowski, Teodolius. 1988. Grammatische Angaben im Dialektwörterbuch. I: *Dialekt-Lexikographie. Berichte und Analysen zur Arbeit an Dialektwörterbüchern*: 58-65. Jena.